

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 12

Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Granvin

Emne: gammel engkultus

Bygdelag: "

Oppskr. av: Jon Haukanes d. e.

Gard: Haukanes

(adresse): Solhedal

G.nr. 124 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. *eigi røynsle*

B. Eller om den er etter andre heimsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

1. Rong- og skogshøy var nemningar her i bygdi; kestil ogso stølsshøy. Skykje av dette var og enghøy, då stølsstraet var hevdad med den myk ein hadde på stølen.

Åkra er kjend frå gammalt - alt frå Bjergym-jærkalvskinnv der det er nemnd jærn Åkra. <sup>(ca 1320)</sup> Den ligg øyde på øystra sia av Granvinfjord, midt for Haukanes som ligg på vestsia. Åkra er ogso nemnd i 1690-årene og ca. 1760.

Med Åkra meinar ein her attlagd åker. Ein snakke um djukkeng og småeng. I utmark og i skogslått og stølslått var der oftest både langorv og stuttorvslått. - Hevda høyskalle dei gamle kåhøy. Høyet i utslåttene kalla dei skogshøy. Joho av det var fint høy og godt høy. Rongjåhøye på stølen heldt mor mi for å vera besta føre på garden. Ho syntes mjelkja aukar i krydne og det vart djukkare rjome.

2. Dei ruade og ryr enno kvart år i eng og utmark. Kvist og rusk i utmark for liggja å rotne; <sup>(i dunga)</sup> på innmarki samlar ein samvill kvist og rusk og rask og brennet det på åkeren, som soleis vert gjødsel med aske. Ved gjennom biene hev ein ruadt litt i slåttemark for stein.

3

i dei eldre tider fekk nok mosen gro av etter av. Husmønnen fekk lov å leggja eit akker i skogen til konndyrking, seinare til potetdyrking - frå umlag 1850-talet. Når dei slutta med dette, vart åkrane akret, og mosen kom villig på lesse. På Haukanes var 20 slike akker i skogen. Ja, ~~sett~~ jamvel på Stølen var åkrar der tenarane sädde poteter og breidde jolabrennevin åt seg. Akroni synest enno. Fleire av desse akker i skog og mark er ikkje vidare enn eit stovegolv. Det som drap mosen var oska og land. Høyfra av siigi mark kende at dei sädde i akker og åker var den skulde leggjast aft.

Reg minnst at far min sädde timote i åkerhandla aft, umlag 1874 og ertover. I 1878 var skulestyrar Wilson på Stend landbrevsskule på <sup>Granvin</sup> Eide, der han såg på eikemote-åkra, som han ikkje hadde sett matkje til, sjölv i Skotland. So fradig og gröderik var den.

4

Dei tok grøfter i vassjuk jord og i åker. Myr er her lite av i Granvin; det er helst i fjellgarane ein hev det. Mest av myr finne ein på fjellet der store vidder kan liggjast i myr, men far langt frå folk til i dyrkast. Dei hev dyrking og jord meir enn nokk i heimemarki, millom stein og <sup>gong</sup> stuy og med gröderik jord. Vatning var ein i bruk på Stølen hjå oss, elles er det lite og ikkje bruka hev i bygdi.

5

Ein gjödslo eng og åker med vetter gjödsel. Frå gamalt hadde dei all gjödsel i åkeren. Seinare i tidi, kanskje etter 1800-talet gjödslo dei og engi med smala-myk. Har sterkt dei gjödslo engi, veit ein ikkje no.

6. Som nemt fyrr kalla dei hevdahöyet for sähöy, og kruley var det og tabödn, kruley mä skrivast sähöy og sähödn. o. en var lukt og den lydde som ä,

7. Sei gamle snakke um hevdasig (hevdaseg), at det var verdfeult for bruke. Sei sökte ä spreia det litt. At dei laigrau på haugar for ä fö hevdasegt nedanfor på eng, <sup>er utlyndt</sup>

8. Ein hevda eng og äker um vären. Med breiing av smalamyk nytta dei ei treraka som var skuffforma. Mykje var den tid pulversett med grev, leste den so med kregreip upp i kjerreharmen, som vart tömd, gjedna i 2 deler der ein vilde breia. Etterpå vart mykje raka med ei treriva. Nyare reidskapar vart brukte umlag i slutten <sup>(ca)</sup> 1870-ärene, så kom stälgreip, stälspae og skuffibruk. Fyrst etter 1920 hev ein teke breshemaskina i bruk til ä finsmældra smalamykja.

9. Husdyra fekk beita på eng og utslätter for ä fö dei fram til fjellferi. Det viser seg at eng som er freda for sauene, vert gvervaksi med lövetonn. Ein er byrja beita engi sterkt um vären og då lövetonni burte. Den er no ei handeplaga. Um ein plögjer engi um ätt, kjem lövetonni att när ein legg äkeren att og tilsädd med klyver og timote. Dei engstykke vert beita um vären for skuld lövetonn, vert ikkje beita um hausten.

10. Fyrr beita dei all eng, men etter 1910 hev ein litt um senufreda all eng, og te beites for fyrst av i næraste utmark og utslätter, til dei kjem til fjells i slutten av mai mänsd, hjä sume noho seinare.

3088

11 Det vart ikkje gjort med gjødsle kro-  
 sure la, att etter segi beite. <sup>Hydna</sup> hadde flor  
 dei bundne inne i på stölen, og seinare  
 köyrt ikring på hegna eller brae, som vart  
 godt inngjert. Hevdinngi gjeng fyre seg  
 enten um hausten eller um våren. - Hoko  
 sorteslag er ukjendtker.

12 Det er alt sagt at kroture vart bundne  
 um natti i ein flor. Stölohusa var oftast  
 bygde fyrst utan noko slätt i nærmunom.  
 Seinare kom hegna ved stölohuset, det ein  
 her i bygde kadla trae. Stölohuset var bygt  
 på ein mur, og i denne kjedlar var flor  
 åt hydna. Dei kadla det ikkje sunnarfjos,  
 men stölohus eller oftast sal. Det hadde  
 kvar gardmann.

13 Her er stölohus på ~~to~~ gard, der  
 14 dei ikkje alt er nedlagde. Kroture vart  
 då frakta burtkil te id fjord eller ~~te~~ <sup>og vannfjelle</sup>  
 dei framifrå gode beite i ~~Austerfjelle~~  
 Stölohus med flor hev dei og dei fleste  
 stader, elles ligg <sup>Hydna</sup> sete på ei laga setan  
 innhegning. Her i bygdi er ikkje uteløgr,  
 heller ikkje er <sup>her</sup> grindagang eller koiing kjend  
 fra gamle dagar. Sauene hadde dei i grindar  
 um natti, og lombi særskilt i hegna eller i lam-  
 bahus. Om morgnen molka dei sauene og slepte  
 so lomb og sauer ut att. Men dette ligg 150-200 år  
 attende i tidi.

15 Til verno mot uehyr, serleg björn brukte  
 16 dei å brenna og ha eld på ved stölen omkatt  
 natta. Hydna og sauene vart utlege nær björnen  
 kom nær stölen, so budeiis slapp vakte. Beista  
 vekte budeiisna med ursassi.

Hjuring kadla dei her gjøtlegut. Men  
 no er det ingon som har gjøtlegut. Det  
 vart slitt med å ha gjøtar umlag 1880,  
 på sume plassar lenge fyrr. Gjøtaren  
 fekk same mat som budeio. Hadde ho  
 ein annan gut til hjelp, fekk han varme  
 budeiebald.

17

Gyrindar var ikkje i bruk på  
 stolen. Dei hadde flor i kvart søl, og mykje  
 vart køyrt utover det innhegna trae.

Tauaffas påhjul er ukjendt.

18

Tri og støl er kjende ord. Tri, ei  
 sankevi for sauene. Støl, det same som  
 sater i andre malføre. Som stadnamn  
 er det bruka i gardnamnet Trå i gran-  
 vin og i namnet Tråe og Træna på både  
 i granvin.

19

Ynggjerd sløttemark på stolen  
 hadde umlag<sup>alle</sup> og dei fleste her det  
 enno - Trae kadla dei det. Dei gjødsla  
 det årleg med den hevd dei samlar på  
 stolen, og affat fører dei til stoll kunst-  
 hevd, vidar trae ut og plögjer um  
 marki. Soleis på gardane Sveito, Jørde  
 og Brakke. Ein mann her jamvel  
 slåmaskina på stolen.

20

21

Dei køyrde eller reidde til stoll  
 ogso oska til hevd på trae.

10/6 1949.

Jon Haukanes d.e.

*[Faint, illegible handwritten text in a table format, possibly bleed-through from the reverse side of the page.]*

8088

*Flod, Granvin*

I samarbeid med  
KULTURGEOGRAFISK REGISTRERING  
PÅ VESTLANDET

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING  
ADR. NORSK FOLKEHUSELL.  
BYGDGY


Ver gild og skriv svaret med blyant på same ark.

Tilleggsspørsmål til nr. 5 Vannbæring.

I Tinn i Telemark har ein for eit par mannsaldrar sidan bore vatn på ei lang stong. Ein bar den eine enden over aksla, den andre enden drog ein etter seg på marka. Taret hekk på stonga bak ryggen at den som bar (drog). Ein liten mothake på stonga gjorde at handtaket på båtta ikkje gleid. Stonga var såpass mjuk at vatnet ikkje skvampa over. Utanom denne opplysninga kjenner ein no denne metoden berre frå Värmland i Sverige. Det kan henda at det tidlegare har vore meir vanleg å bera vatn på denne måten. Hugsar nokon i Dykkar bygd noko om det?

*Her ikkje høyrst noko slikt i Granvin*

*Jon Haukanes*



Tilleggsspørsmål til nr. 12.

Finst det noko opplysning om at ein brukar eller har bruka fiskebein og fiskehovud til brensel? *nei.*

Har ein bruka kumøkk til brensel? *nei, men eg hev høyrst at dei*  
*for lenge sidan vaska i vatn hestromykdel i kumøkk.*  
*Hestromykdel ikkje so fint materiale eller høyrst som dei*

*Jon Haukanes.*

2042  
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING